




Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

Innhald:

Vurdering frå administrasjonssjefen	3
Innstilling frå budsjettutvalet	4
Økonomiske oversikter	12
Formannskapet - første gong	15
Formannskapet - andre gong	15
Kommunestyret sitt vedtak	16
Overordna styringssignal og utvikling	17
Overordna mål og strategiar	19
Handlefridom i økonomien -prioriteringar	20
Handlingsplan for tenesteområda	23

Lom kommune Budsjett 2011 Økonomi- og handlingsplan 2012-2014

Lom kommune
Midtgard
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>

Innhaldsliste

<u>1</u>	<u>Vurdering frå administrasjonssjefen</u>	3	<u>7</u>	<u>Overordna styringssignal og utvikling</u>	17
1.1	Økonomi - prioriteringar og utfordringar	3	7.1	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet	17
1.2	Imtektsystemet	3	7.2	KS si uttale til statsbudsjettet	17
1.4	Høgare pris på konsesjonskraft	3	7.3	Utvikling i folketalet	18
1.5	Rullering av økonomiplanen	3	<u>8</u>	<u>Overordna mål og strategiar</u>	19
1.6	Tenesteproduksjon	3	8.1	Balansert målstyring (BMS)	19
1.6	Regionalt og interkommunalt samarbeid	3	8.2	Kommunemålekart	19
1.6	Sluttkommentar	3	<u>9</u>	<u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u>	20
<u>2</u>	<u>Innstilling frå budsjettutvalet</u>	4	9.1	Generelle økonomiske utfordringar	20
2.1	Budsjettprosessen	4	9.2	Vurdering av økonomisk situasjon	22
2.2	Målsetjing med budsjettarbeidet	4	<u>10</u>	<u>Handlingsplan for tenesteområda</u>	23
2.3	Innstillinga	4	10.1	Staben til administrasjonssjefen	23
<u>3</u>	<u>Økonomiske oversikter</u>	12	10.2	Støttefunksjonen	24
3.1	Investeringar og finansiering	12	10.3	Loar skule	27
3.2	Driftsbudsjett	12	10.4	Garmo oppvekstsenter	29
3.3	Utvikling i länegjeld	14	10.5	Lom ungdomsskule	31
3.4	Fondskapital	14	10.6	Loar barnehage	33
3.5	Bruk av næringsfond	14	10.7	Miljø, teknisk, næring	34
<u>4</u>	<u>Formannskapet - første behandling</u>	15	10.8	Helse og velferd	37
4.1	Behandling i Formannskapet 30.11.2010	15	10.9	Institusjonsbasert omsorg	40
4.2	Forslag frå Formannskapet 30.11.2010	15	10.10	Heimebasert omsorg	42
<u>5</u>	<u>Formannskapet - andre behandling</u>	15			
5.1	Forslag frå Formannskapet 16.12.2010	15			
<u>6</u>	<u>Kommunestyret sitt vedtak</u>	16			
6.1	Behandling i Kommunestyret 16.12.2010	16			
6.2	Vedtak i Kommunestyret 16.12.2010	16			

1 Vurdering frå administrasjonssjefen

1.1 Økonomi - prioriteringar og utfordringar

Framlegg til budsjett for 2011 er offensivt. I tillegg til vidareføring av nåverande driftsnivå, foreslår budsjettutvalet aktivitetsauke på fleire område. Dette er uvanleg i Kommune-Norge i 2010. Årsaka til dette er at det har vore god ”husholdering” gjennom fleire år som har skapt eit godt grunnlag. I dette biletet må ein ta med seg at det har vore arbeidd med grunnlag for store investeringar over ei periode. Frå administrasjonssjefen har det kontinuerleg vore understreka at gjennomføring av store investeringar

vil redusere økonomisk handlefridom. Realisering av alle store investeringstiltak vil ha som førestenad til dels store omprioriteringar innan etablert drift. Dette står framleis ved lag, og blir på nytt understreka. Samla sett vil foreslalte investeringstiltak i økonomiplanperioden auke lånegjelda vår til eit nivå som administrasjonssjefen ikkje vil tilrå utan at det blir tatt naudsynte grep innan drift. Det seier seg sjølv at auka lånegjeld og høgare rentenivå vil gje oss utfordringar.

1.2 Inntektssystemet

Det er verd å nemne at endring av kritieriegrunnlaget i inntektssystemet denne gongen slo positivt ut for oss samanlikna med mange andre. Vi kan likevel ikkje rekne med at overføringer frå staten løyser våre lokale utfordringar. Det er eit heilt klart og tydeleg overordna styringssignal at offentleg sektor må rekne med innsparingar og effektivisering vidare. Mellom anna er det eit klart mål å

rette opp att balansen i høve handlingsregelen. I 2011 blir den største innlemminga av øyremerka tilskot sidan nytt inntektssystem vart innført i 1986. Dette er følgje av innlemming av barnehagertilskotet. Kravet om full barnehagedekning står ved lag. Barnehageområdet kan derfor likestilla med dei andre store tenesteområda når det gjeld prioritering.

1.4 Høgare pris på konsesjonskraft

Heldigvis har vi fått høgare pris for konsesjonskrafta i 2011 enn i 2010. Dette har medverka til at vi har rom for å avsette midlar til disposisjonsfond. Etter kvart har vi erfaring med slike svingingar, noko vi og vil oppleva

i komande budsjett. Det er derfor svært viktig å ikke overvurdere desse inntektene, og å sette av nødvendige midlar på ”bufferfond” for å handtere dette på ein forventa måte i høve til drift og tenesteproduksjon elles.

1.5 Rullering av økonomiplanen

Ei oppdatert vurdering av store investeringstiltak med rullering av økonomiplanen i løpet av første halvår er derfor både fornuftig og naudsynt. Økonomiplanen synleggjer og

kor viktig det er med god planlegging, og at det blir sett av ressursar til dette knytt til investeringsprosjekta.

1.6 Tenesteproduksjon

Status frå tilsett- og brukarståstad er kartlagt og dokumentert i statusdokumentet som kommunestyret fekk til dialogkonferansen i september. Desse områda blir derfor ikkje vurderte her.

Oppsummert vil budsjettframlegget eit godt stykke på veg møte kartlagde utfordringar innan folkehelseområdet og utviklingstrekk innan omsorg. Dette må sjåast på

som ei førebuing i høve samhandlingsreformen, og ei erkjenning av at vi har tru på førebyggjande aktivitet og tilrettelegging i eit langsiktig perspektiv. Pr. i dag veit vi for lite om samhandlingsreformen. Vidare ser vi over tid at utfordringane innan omsorgsområdet stadig endrar seg og blir meir komplekse. Dette gjeld fleire område, men tilrettelegging og oppfølging innan demensomsorg og psykisk helsevern blir nemnt i denne omgang.

1.6 Regionalt og interkommunalt samarbeid

Vidare må ressursauke til regionalt og interkommunalt samarbeid kommenterast. Denne gongen er det samarbeid om samfunnsmedisin, LMS og Regiondata som får auka overføringer. Vi ser og at fleire interkommunale samarbeidsområde fører til ressursauke, og det kan

innimellan kjennast noko utfordrande å vurdere ressursbruk på same måte som dei områda kommunen sjølv har herredømme over. Det er derfor svært viktig at rapporteringsrutinar og medverknad innan desse områda blir ivaretake.

1.6 Sluttkommentar

Budsjettet for 2011 er eit offensivt og utfordrande budsjett. Budsjettet gjev kommunen eit bra handlingsrom i høve det å møte forventningane frå innbyggjarane på ein forventa og god

måte. Økonomiplanen er ei klargjering av at omprioriteringar må til for å opprethalde ynskt handlefridom i kommunen.

2 Innstilling fra budsjettutvalet

2.1 Budsjettprosessen

Budsjettutvalet har fått ansvar for å leggja fram forslag til budsjett for 2011 og økonomiplan for 2012 – 2014 til formannskapet. Budsjettutvalet har vore sett saman av:
Odd Arne Kroken (SP), leiar
Beate Stø (SP),
Torbjørg Graffer Myrhaug (SP)

Utgangspunktet for budsjettet har vore vidareføring av opphavleg budsjett for 2010. Budsjettutvalet har fått oversikt over nye tiltak og innsparingstiltak frå tenesteområda i kommunen. Referat frå møta er sende medlemmane, ordførar, tenesteleiarane og administrasjonssjefen.

Balansert målstyring, KOSTRA-tal, statusdokument frå administrasjonssjefen, ”Lom 2020” og gjeldande økonomiplan har vore utgangspunktet for arbeidet i budsjettutvalet.

Budsjettarbeidet har vore krevjande, da det i utgangspunktet viste seg å vera behov for betydelege reduksjonar i driftsnivået for å få til eit budsjett i balanse.

2.2 Målsetjing med budsjettarbeidet

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsetjingar i overordna planar og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 3 %

2.3 Innstillinga

2.3.1 Føresetnader for budsjettet

- Årslønsvekst: Reell lønsbudsjettering – justering for lokale lønsforhandlingar.
- Sett av til justeringar kr 1 650 000.
- Ordinære pensjonskostnader til KLP med 15,00 %.
- Ordinære pensjonskostnader til STP med 10,50 %.
- Kostnader til AFP skal budsjetterast reelt.
- Arbeidsgjevaravgift med 6,4 %
- KS prognosemodell er nyttal til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2010 og renter/avdrag basert på nedbetalingsplan frå långjavar.
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft i samsvar med inngått kontrakt 2011.
- Utbytte frå AS Eidefoss: kr 10 mill.
- Vidareføring av opphavleg budsjett for 2010 med justering av vedtekne endringar.

2.3.2 Driftsinntekter - forslag til satsar for 2011

Kap.	Område	2010	2011
2.3.2.1	Skattevedtak		

Forskot på skatt i 2011 vert skrive ut med maksimalsatsen som blir vedteken i Stortinget. I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatt, som er vedteken av kommunestyret i sak 125/75, i Fossbergom, samt på verker og bruk utanfor området, vidareført i 2011. Eigedomsskatt blir utskriven med kr 7 for kvar tusen kroner i takstverdi. Verdien av teleinstallasjonar er taksert til 20,6 mill kr, gir ekstra ca 144.000 i eigedomsskatt.

Innstilling frå budsjettutvalet

Kap.	Område	2010	2011
2.3.2.2	Leige for kommunale bustader, uendra		
2.3.2.3	Satsar for musikk- og kulturskulen, pr. mnd.		
	- Eineundervisning	1 800	2 000
	- Gruppeundervisning dans, drama, formgjeving	900	1 000
	- Syskenmoderasjon: Første barn 40%, andre barn 50%		
2.3.2.4	Satsar for skulefritidsordninga, pr. mnd.		
	- Frå 6 til og med 9 timer i veka	900	*)
	- Frå 10 til og med 14 timer i veka	1 400	*)
	- Til og med 14 timer pr. veke	*)	1 000
	- 15 timer og meir i veka	1 500	1 600
	- Dagsats	*)	300
	- Timesats	50	90
*) Det er lagt fram forslag til endring i vedtekten for skulefritidsordninga. Forslaget skal handsamast i formannskapet og kommunestyret og, om det vert vedteke, vil satsane for 6 - 9 timer pr. veke og 10 - 14 timer pr. veke bli erstatta av ein sats for til og med 14 timer pr. veke. Det vil og bli ein ny dagsats.			
2.3.2.5	Satsar for barnehagen, pr. mnd.		
	- Fem dagar i veka (maksimalsats)	2 330	2 330
	- Fire dagar i veka	2 200	2 200
	- Tre dagar i veka	1 750	1 750
	- To dagar i veka	1 300	1 300
	- Einskild dag	200	200
2.3.2.6	Opphold på helseheimen Uendra (Rundskriv I 47/98 frå Helse og Sosialdepartementet).		
2.3.2.7	Husleige trygdebustad, alderspensjonat og omsorgsbustad Husleiga blir foreslått auka med 2 %.		
2.3.2.8	Satsar for heimehjelp		
	- Inntekt under 2G	155	160
	- Inntekt frå 2G og under 3G	525	536
	- Inntekt frå 3G og under 4G	755	770
	- Inntekt frå 4G og under 5G	1 102	1 124
	- Inntekt frå 5G og over	1 566	1 597
Reglane for heimebaserte tenester er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester.			
2.3.2.9	Tryggleksalarm, uendra pris pr. mnd.	70	70
2.3.2.10	Middag levert i heimen, pris pr. middag	66	66
2.3.2.11	Satsar for fellingsavgift Med heimel i ”Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort” blir fellingsavgiftene for elg og hjort i Lom kommune auka til gjeldande maksimalsatsar:		
	- Elg, vaksne dyr (1½ år og eldre)	465	465
	- Elg, kalv	270	270
	- Hjort, vaksne dyr (1½ år og eldre)	350	350
	- Hjort, kalv	210	210

2.3.3 Overføringer til andre

Kap.	Mottakar	2010	2011
2.3.3.1	Regionrådet	555 000	510 000
	I tillegg: Prosjekt for Distriktsmedisinsk senter	175 000	266 000
2.3.3.2	Revisjon og kontrollutval	531 000	590 800
2.3.3.3	Lom veksthus, finansiert frå næringsfondet	100 000	100 000
2.3.3.4	Jotunheimen reiseliv AS, finansiert frå næringsfondet	650 000	650 000
2.3.3.5	Organisasjonar og andre innan kultur	853 000	853 000
	Av dette, øyremerka til idrett	495 000	495 000
2.3.3.6	Lom kyrkjelege råd	1 400 000	1 600 000
	I tillegg kjem overføring for tenesteyting	157 000	157 000
2.3.3.7	Gudbrandsdalsmusea A/S, jfr. avtale	148 000	154 400
2.3.3.8	Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelsestjeneste, kjøp av tenester	172 000	200 000
2.3.3.9	Lom friviljugsentral	93 000	103 000
	I tillegg kjem tenesteyting	125 000	125 000
2.3.3.10	Lom og Skjåk brannvesen:		
	- Feiarvesen	335 000	348 000
	- Brannsyn	194 000	200 000
	- Brannvesen	1 133 000	1 149 000
2.3.3.11	Regiondata	692 000	855 000
2.3.3.12	IT-samarbeid med Skjåk kommune	540 000	552 000
2.3.3.13	Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap	1 243 000	1 328 000
2.3.3.14	Barne- og ungdomsvern, samarbeid med Skjåk kommune	680 000	512 000
2.3.3.15	Samarbeid med NAV	322 000	322 000
2.3.3.16	Samarbeid med krisesenter	26 000	30 000
2.3.3.17	Etter avtale av 11.06.2002 dekkjer kommunen eit kommunalt rekneskapsmessig underskot ved dei to leirskulane med inntil kr. 50 000 på kvar leirskule. Underskot utover kr 50 000 skal belastast eigarane av leirskulen.		
	Ved eventuelt overskot får skulane overført inntil kr 50 000 til innkjøp av utstyr og kurs/opplæring, under føresetnad av årleg budsjettvedtak. Overskot utover kr 50 000 blir delt likt mellom kommune og leirskule.		

2.3.4 Godtgjersle til folkevalde

Godtgjersle til folkevalde følgjer det til kvar tid gjeldande reglement.

2.3.5 Delegasjon - høve til å fastsette detaljert budsjett

Kommunestyret delegerer til Formannskapet å fastsette detaljert budsjett i samsvar med paragraf 11 i budsjett- og rekneskapsforskrifta.

2.3.6 Fullmakt til administrasjonssjefen

Administrasjonssjefen får fullmakt til å saldere budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

2.3.7 Budsjett gruppeart og ansvar

		Budsjett 2010	Budsjett 2011
Grp.	Ansvar: 01 støttefunksjon		
10	Lønsutgifter	*) 9 973 200	*) 12 332 500
11	Kjøp av varer og tenester	2 158 922	2 060 392
13	Kjøp av tenester frå andre	3 163 300	8 188 000
14	Overføringer	1 610 460	3 253 300
15	Finansutgifter/transaksjonar	18 322 000	30 182 479
16	Salsinntekter	-7 780 000	-16 369 000
17	Refusjonar	-9 521 346	-8 534 727
18	Overføringer	-106 481 622	-124 710 800
19	Finansinntekter/transaksjonar	-13 830 375	-24 748 318
	Sum grp. Ansvar: 01 støttefunksjon	-102 385 461	-118 346 174
Grp.	Ansvar: 02 oppvekst		
10	Lønsutgifter	23 372 488	23 723 000
11	Kjøp av varer og tenester	6 167 302	6 439 357
13	Kjøp av tenester frå andre	470 000	620 000
14	Overføringer	893 400	750 000
16	Salsinntekter	-1 174 100	-1 181 200
17	Refusjonar	-2 900 000	-1 603 000
18	Overføringer	0	-832 500
	Sum grp. Ansvar: 02 oppvekst	26 829 090	27 915 657
Grp.	Ansvar: 03 barnehage		
10	Lønsutgifter	9 219 727	8 417 700
11	Kjøp av varer og tenester	1 234 370	1 231 712
13	Kjøp av tenester frå andre	10 000	10 000
14	Overføringer	43 600	43 600
16	Salsinntekter	-2 090 000	-1 818 300
17	Refusjonar	-5 935 000	-405 000
	Sum grp. Ansvar: 03 barnehage	2 482 697	7 479 712
Grp.	Ansvar: 04 miljø, teknisk og landbruk		
10	Lønsutgifter	11 905 750	12 542 500
11	Kjøp av varer og tenester	6 167 040	7 014 464
13	Kjøp av tenester frå andre	5 061 862	5 851 862
14	Overføringer	1 886 125	1 998 125
15	Finansutgifter/transaksjonar	237 000	0
16	Salsinntekter	-10 600 000	-9 978 500
17	Refusjonar	-4 733 500	-5 197 400
18	Overføringer	-972 162	-1 013 162
19	Finansinntekter/transaksjonar	-2 362 854	-2 953 554
	Sum grp. Ansvar: 04 miljø, teknisk og landbruk	6 589 261	8 264 335

*) Avviket mellom budsjett 2010 og 2011 er i det vesentlege premieavvik på pensjonsforsikring.

Innstilling frå budsjettutvalet

		Budsjett 2010	Budsjett 2011
Grp.	Ansvar: 06 helse og velferd		
10	Lønsutgifter	14 695 620	15 740 300
11	Kjøp av varer og tenester	4 598 910	4 191 746
13	Kjøp av tenester frå andre	1 153 280	1 440 280
14	Overføringer	1 175 600	1 653 600
15	Finansutgifter/transaksjonar	118 796	111 000
16	Salsinntekter	-3 122 000	-2 509 000
17	Refusjonar	-1 860 701	-2 478 701
18	Overføringer	-1 960 362	-1 913 200
19	Finansinntekter/transaksjonar	-55 037	-65 000
	Sum grp. Ansvar: 06 helse og velferd	14 744 106	16 171 025
Grp.	Ansvar: 07 institusjonsbasert omsorg		
10	Lønsutgifter	24 611 102	26 441 700
11	Kjøp av varer og tenester	5 169 780	6 230 646
13	Kjøp av tenester frå andre	448 000	478 000
14	Overføringer	1 036 000	1 012 000
16	Salsinntekter	-4 715 200	-4 759 000
17	Refusjonar	-1 094 000	-1 094 000
	Sum grp. Ansvar: 07 institusjonsbasert omsorg	25 455 682	28 309 346
Grp.	Ansvar: 08 heimebasert omsorg		
10	Lønsutgifter	18 958 273	21 868 700
11	Kjøp av varer og tenester	2 749 330	2 869 615
13	Kjøp av tenester frå andre	290 000	400 000
14	Overføringer	314 200	301 000
16	Salsinntekter	-1 573 700	-1 612 000
17	Refusjonar	-1 195 000	-1 050 000
	Sum grp. Ansvar: 08 heimebasert omsorg	19 543 103	22 777 315
Grp.	Ansvar: 09 administrativ stab		
10	Lønsutgifter	3 638 280	4 315 360
11	Kjøp av varer og tenester	1 413 804	1 472 184
13	Kjøp av tenester frå andre	1 012 000	1 131 000
14	Overføringer	2 632 400	2 765 500
16	Salsinntekter	-65 000	-65 000
17	Refusjonar	-1 889 962	-2 190 260
	Sum grp. Ansvar: 09 administrativ stab	6 741 522	7 428 784

2.3.8 Behandling i budsjettutvalet

Det vart halde dialogkonferanse for kommunestyret, tillitsvalde og leiargrupa 23. og 24. september der resultat frå brukar- og medarbeidarundersøkingane og innbyggjarundersøkinga vart gjennomgått.

Spesielt fokus på:

- Lom kyrkjelege råd møtte utvalet og peika på at løyinga berre har auka med 3 000 kroner sidan 1997 og at dei har fått fleire nye oppgåver.
- Miljøarbeid og omsorgsbustader på pleie- og omsorg. Utvalet peika på at miljøarbeid og omsorgsbustader ikkje må koma i tillegg til det vi har i dag, men bør kunne erstatta institusjonsplassar. Pleie- og omsorg møtte i utvalet og la vekt på at kommunen ikkje har noko omsorgstilbod mellom institusjon og heimebasert omsorg. Dei peika og på at det er vanskeleg å kutte på institusjonsplassar fordi det er krav om at vi må ta imot ferdigbehandla pasientar frå sjukehus og at vi treng plassar til korttidspasientar og rehabilitering.

Utfordringar og tiltak frå tenesteområda er overleverte utvalet. Budsjettutvalet har gått

gjennom alle områda med sikte på reduksjon av driftsnivået i kommunen. Det er kome fleire innspel frå ulike hald og desse er overleverte utvalet.

Arbeid i budsjettutvalet

Budsjettutvalet har hatt seks møte.

Budsjettutvalet prioritærer ved å tildele rammer til dei einskilde tenesteområda.

Statsbudsjettet

Forslaget til statsbudsjett vart lagt fram 5. oktober. Fyrst etter det kunne administrasjonen legge fram ein balansesituasjon. 5. november hadde budsjettutvalet sitt første møte etter framlegginga av statsbudsjettet.

2.3.8.1 Gjennomgang av nokre tiltak - drift

Skulane

Utvalet har diskutert situasjonen i skulane og foreslår ikkje endringar i rammene.

Internkontroll og kvalitetssikring

Utvalet foreslår å løyve 206.000 til prosjektstilling for system for internkontroll og kvalitetssikring. Finansierast frå fond.

Lom kyrkjelege råd

Utvalet har merka seg den vanskelege økonomiske situasjonen for Lom kyrkjelege

råd og foreslår ei auke på 200 000 kroner i overføringa.

Samfunnsmedisinar og folkehelsekoordinator

På tenesteområde Helse og velferd foresår utvalet å løyve midlar til regional stilling som samfunnsmedisinar. Dette kjem på plass på grunn av lovkrav og stillinga vert oppretta på Distriktsmedisinsk senter på Otta.

Utvalet foreslår ei auke i ramma til Helse og velferd på 400 000 kroner og legg til grunn at stillinga som folkehelsekoordinator vert etablert.

Vaktsentralen

Utvalet drøfta situasjonen på vaktsentralen som vil bli endra når oppgåver vert flytta over til Distriktsmedisinsk senter. Det er ikkje mogleg å redusere talet på tilsette om det skal oppretthaldast døgndrift.

På bakgrunn av innspel frå Helse og velferd vart situasjonen diskutert i utvalet, og Helse og velferd vert beden om å leggje fram sak til politisk behandling om moglege tiltak for å finansiere drifta på Vaktsentralen.

Kommunale bygg

Utvalet ynskjer ein gjennomgang og vurdering av alle kommunale bygg med tanke på drift/utleige/sal/riving.

Lærlingar

Utvalet syner til innspel frå Oppland fylkeskommune. Dei er positive til å ta inn lærlingar og vil auke ramma til

Støttefunksjonen kroner og legg til grunn at det vert ei auke i talet på lærlingar.

2.3.8.2 Gjennomgang av nokre tiltak - investeringar

Utvalet har funne rom for alle investeringstiltak som må gjennomførast på grunn av lovkrav. Tiltaka finansierast frå fond.

Nokre andre tiltak som vart drøfta i utvalet:

Fleirbrukskall

Budsjettutvalet foreslår at styringsgruppa for fleirbrukskall får i oppdrag å vurdere tiltak for prosjektet for å koma inn under gjeldande ramme i økonomiplanen, korrigert for prisstiging og kostnader til byggjelån. Styringsgruppa får og i oppdrag å leggje fram

vurdering av driftsbudsjett og finansiering av fleirbrukskall innan denne ramma. Frist: 1. februar 2011.

Det vert lagt inn 84 millionar kroner i økonomiplanen for 2012 til 2014.

Omsorgsbustader

Forprosjektet for omsorgsbustader vil bli ferdigstilt våren 2011. Utvalet foreslår å byggje åtte bustader i første byggjetrinn og at det klargjerast for seinare utviding til 14 bustader.

Utvalet foreslår at løyving på 8,5 millionar kroner i 2010 vert overført til 2011 og i tillegg ei løyving på 12,5 millionar kroner. Det vert lagt inn 16 millionar kroner i økonomiplanen for 2012.

Helsesenteret

Budsjettutvalet drøfta situasjonen på Lom helsesenter og er kjent med vurderingane som er gjort. Utvalet ynskjer nærmere vurdering av tiltak for å koma i møte det som er vurdert

som naudsynt av bedriftshelsetenesta. Denne vurderinga må leggjast fram til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Enøk-tiltak

Utvalet foreslår å løyve 200 000 øyremerka til enøk-tiltak i kommunale bygg.

ein meir omfattande rapport og ein søknad til Enova om støtte til gjennomføring av tiltak.

Nordisk Energikontroll har vurdert tilstanden til oljekjel på Garmo skule og har oppgjeve eit potensial for energisparing på om lag 90 - 95 000 kroner pr. år. Dei utarbeider no

Ventilasjonsanlegg i samfunnshuset, som ligg inne i inneverande økonomiplan med investering i 2011, vert teke ut.

2.3.8.3 Økonomiplanen

Det er budsjettet som skal vedtakast no, økonomiplanen er retningsgivande. Med det utgangspunktet meiner utvalet at dei kan be om ei nærmere vurdering av investeringstiltaka før ein legg opp til rullering av økonomiplanen. Grunngjevinga er at det er store investeringstiltak i fleirbrukskall

og omsorgsbustader som krev meir grunnlagsarbeid før dei vert lagde inn i driftsbudsjettet, og ingen av dei vil gje særlege konsekvensar for drifta i 2011. Rullering av økonomiplanen skal skje seinast i møtet i juni neste år.

2.3.8.4 Oppsummering av nye tiltak og budsjettendringar

Staben til administrasjonssjefen:

- Utvalet foreslår at det ikkje vert endring i ramma til Staben.

Støttefunksjonen:

- Utvalet foreslår ei løyving på 206 000 kroner til prosjektstilling for kvalitetssystem for heile kommunen. Finansierast frå fond.
- Utvalet foreslår ei auke i ramma til Støttefunksjonen på 100 000 kroner og legg til grunn ei auke i talet på lærlingar.

Skulane og barnehagane:

- Utvalet foreslår at det ikkje vert endring i rammene til skulane og barnehagane.

Miljø, teknisk, næring:

- Utvalet foreslår ei løyving på 120 000 kroner til lovpålagt planregister. Finansierast frå næringsfondet.
- Utvalet foreslår ei løyving på 140 000 kroner til energimerking av bygg, finansiert frå vedlikehaldsfond.
- Utvalet foreslår ei løyving på 200 000 kroner til beredskapsplan for avlaup og reinsing. Finansierast frå fond.
- Utvalet foreslår ei løyving på 180 000 kroner til vedlikehald av bruer, finansiert frå vedlikehaldsfondet.
- Utvalet foreslår ei løyving på 200 000 kroner øyremerka til enøkt tiltak i kommunale bygg. Finansierast frå vedlikehaldsfondet.
- Utvalet foreslår ei løyving på 200 000 kroner til prosjektering av skredtiltak. Finansierast frå fond.
- Utvalet foreslår at det ikkje vert endring i ramma til Miljø, teknisk, næring.

Helse og velferd:

- Utvalet foreslår å løyve 160 000 kroner til regional stilling som samfunnsmedisinar.
- Utvalet foreslår å løyve 266 000 kroner til Distriktsmedisinsk senter.
- Budsjettutvalet foreslår å auke ramma til Helse og velferd med 400 000 kroner og legg til grunn at stillinga som folkehelsekoordinator vert etablert.

Pleie- og omsorgsområda:

- Utvalet foreslår å løyve 271 600 kroner til rehabiliterande koordinator.
- Utvalet foreslår ei auke på 2,5 millionar kroner i ramma til pleie- og omsorgsområda.

Lom kyrkjelege råd:

- Utvalet foreslår ei auke i overføringa til Lom kyrkjelege råd på 200 000 kroner.

Lom friviljugsentral:

- Utvalet foreslår ei overføring til Lom friviljugsentral på 228 000 kroner.

2.3.9 Rammestyring

Etter Lom kommune sitt delegasjonsreglement tildeler Kommunestyret rammer til administrasjonen som prioriterer innanfor desse rammene.

3 Økonomiske oversikter

3.1 Investeringar og finansiering

	2011	2012	2013	2014
Edb-utstyr/programvare	320 000	320 000	230 000	200 000
Bil VAR-området	180 000	0	0	0
Vedlikehald drengestugu	500 000	0	0	0
Vedlikehald heis på Lom helseheim	500 000	0	0	0
Omsorgsbustader	12 500 000	16 000 000		
Avdrag etableringslån	691 679	691 679	894 231	618 529
Sikringstiltak - skredkartlegging		1 100 000		
Fleirbrukshall		60 000 000	24 000 000	
Sum investeringar	14 691 679	78 111 679	25 124 231	815 529
Refusjon frå staten	-4 375 000	-5 600 000	0	0
Statlege overføringer	0	-7 000 000	0	0
Bruk av lån	-5 625 000	-44 300 000	-19 280 000	0
Ordinære avdrag - Formidl. lån	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Bruk av ubunde kapitalfond	-1 500 000	-320 000	-230 000	-200 000
Overføring frå driftsrekneskapen	-261 679	-261 679	-494 231	-218 529
Overføring frå drift - bruk av bunde driftsfond	0	-5 000 000	0	0
Overføring frå drift - momskompensasjon	-2 500 000	-15 200 000	-4 720 000	0
Sum finansiering	-14 691 679	-78 111 679	-25 124 231	-818 529

3.2 Driftsbudsjett

Momskompensasjon på investeringar og premiefond – pensjonsforsikring

Momskompensasjon av investeringar i driftsrekneskapen:

Driftsbudsjetten syner eit netto driftsresultat på kr 6 670 000, noko som tilsvarer 3,6 % av sum driftsinntekter. Dette inkluderer kr 2 500 000 i momskompensasjon av investeringar. Økonomisk er rekneskapsreglane uheldige på dette punktet, og er under endring, slik at dette elementet frå 2014 ikkje skal inn i driftsrekneskapen og får frå då av ikkje verknad på netto driftsresultat. Når netto driftsresultat blir vurdert, må dette elementet trekkjast ut. Når det er teke omsyn til dette, vert netto driftsresultat: 2,3 %.

Premiefondet – KLP:

Pensjonsutgiftene varierer mykje, og varierer ofte etter dei føresetnadene ein legg i budsjettet. Pensjonspremien er basert på føresetnader, som forsikringsselskapet seinare justerer for ved bruk av premieavvik. Det eine året kan dette gå i positiv retning, medan det andre året kan gå i negativ retning. I tidlegare årsoppgjer er det avsett til fond for å kunne jamne ut disse svingingane. For 2011 er premieavviket utrekna til kr 2 108 000 som utgift. Kr 1 057 000 er nytta frå pensjonsfondet til å finansiere drifta for 2011. Utan å inntektsføre momskompensasjonen er netto driftsresultat på 2,3 %. Når det er teke omsyn til bruk av pensjonsfondet, kan bruk av pensjonsfondet forsvarast, og bruken av dette tilsvrar ca differansen mellom målet på 3% og 2,3%.

Økonomiske oversikter

Driftsbudsjettet	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
<u>Driftsinntekter</u>						
Brukertilskott	7 689 898	7 251 900	7 336 500	7 336 500	7 336 500	7 336 500
Andre sals- og leigeinntekter	31 878 911	23 843 100	30 930 500	29 588 500	30 057 500	30 519 500
Overføringer med krav til motyting	29 118 210	23 964 217	17 251 326	29 916 326	19 436 326	14 716 326
Andre statlege overføringer	4 843 638	3 182 524	5 378 862	5 736 024	5 736 024	5 736 024
Andre overføringer	1 759 288	360 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Skatt på inntekt og formue	40 257 619	40 172 000	41 923 000	41 923 000	41 923 000	41 923 000
Eigedomsskatt	3 860 724	3 077 622	3 187 800	3 187 800	3 187 800	3 187 800
Andre direkte og indirekte skattar	6 322 779	3 500 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Sum driftsinntekter	177 074 823	164 473 363	183 987 988	195 668 150	185 657 150	181 399 150
<u>Driftsutgifter</u>						
Lønsutgifter	99 847 195	97 576 410	103 101 000	103 063 500	103 063 500	103 063 500
Sosiale utgifter	22 685 772	20 681 530	24 010 260	23 828 870	24 066 618	24 462 120
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteprodusjonen	27 360 243	22 620 666	24 478 854	23 988 854	23 988 854	23 988 854
Kjøp av tenester som erstattar tenesteprod.	11 732 310	11 608 442	18 119 142	17 804 142	17 804 142	17 804 142
Overføringer	11 312 309	9 591 785	11 777 125	11 719 125	11 719 125	11 719 125
Avskrivningar	8 298 878	0	8 476 000	8 476 000	8 476 000	8 476 000
Fordelte utgifter	-11 548	-35 000	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Sum driftsutgifter	181 225 159	162 043 833	189 937 381	188 855 491	189 093 239	189 488 741
Brutto driftsresultat	-4 150 336	2 429 530	-5 949 393	6 812 659	-3 436 089	-8 089 591
<u>Finansinntekter</u>						
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	14 650 189	12 850 000	14 500 000	14 500 000	14 500 000	14 500 000
Mottekne avdrag på utlån	140 558	55 037	65 000	55 037	55 037	55 037
Sum eksterne finansinntekter	14 790 747	12 905 037	14 565 000	14 555 037	14 555 037	14 555 037
<u>Finansutgifter</u>						
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	4 553 002	3 851 000	3 788 800	3 543 000	3 275 000	3 012 000
Avdragsutgifter	6 843 052	6 775 000	6 568 000	6 585 000	6 596 000	6 625 000
Utlån	184 577	68 796	65 000	68 796	68 796	68 796
Sum eksterne finansutgifter	11 580 631	10 694 796	10 421 800	10 196 796	9 939 796	9 705 796
Resultat eksterne finantransaksjonar	3 210 116	2 210 241	4 143 200	4 358 241	4 615 241	4 849 241
Motpost avskrivningar	8 298 878	0	8 476 000	8 476 000	8 476 000	8 476 000
Netto driftsresultat	7 358 658	4 639 771	6 669 807	19 646 900	9 655 152	5 235 650
<u>Interne finantransaksjonar</u>						
Bruk av tidlegare års reknes.m. mindreforbruk	5 199 853	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 811 030	525 375	1 982 318	0	0	0
Bruk av bunde fond	3 559 661	2 817 854	2 743 554	7 743 554	2 743 554	2 743 554
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsettingar	10 570 544	3 343 229	4 725 872	7 743 554	2 743 554	2 743 554
Overført til investeringrekneskapen	1 814 200	3 606 000	2 941 679	20 641 679	5 364 231	368 529
Dekning av tidlegare års reknsk.m. meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	5 962 810	50 000	4 046 000	2 340 775	2 626 475	3 202 675
Avsettingar til bunde fond	6 673 542	4 327 000	4 408 000	4 408 000	4 408 000	4 408 000
Avsettingar til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum avsettingar	14 450 552	7 983 000	11 395 679	27 390 454	12 398 706	7 979 204
Rekneskapsmessig meir eller mindreforbruk	3 478 651	0	0	0	0	0

3.3 Utvikling i lånegjeld

Tal i tusen kroner	Inngående gjeld (ca)	2011	2012	2013	2014	Utgående gjeld 2014
Nye lån	108 932	5 625	44 300	19 280	0	
Avdrag løpende lån		7 259	7 409	7 490	7 244	
Avdrag nye lån			140	1 248	1 730	
Utgående gjeld	107 298	144 049	154 591	145 617	145 617	

Avdrag på nye lån er ikke lagt inn i økonomiplanen (2012-2014), da denne skal reviderast.

3.4 Fondskapital

Tal i tusen kroner	Inngående balanse:	Disponert tidlegare vedtak:	2011	2012	2013	2014	Utgående balanse:
<u>Dispositionsfond:</u>							
Disp.fond, ikke merka	5 518						
Bruk		-2 808	-1 982	0	0	0	
Avsett			4 046	1 946	2 246	2 486	11 812
Disp.fond, merka	15 413						
Bruk			-1 437	0	0	0	
Avsett			0	0	0	0	13 976
<u>Bunde driftsfond:</u>							
Næringsfond	5 897						
Bruk		-2 888	-2 743	-2 743	-2 743	-2 743	
Avsett			4 150	4 150	4 150	4 150	8 637
Heimfallsfond	10 918						
Bruk		-1 000	0	0	0	0	
Avsett			255	255	255	255	10 938
Andre	5 596						5 596
<u>Ubunde inv.fond:</u>							
Bruk		- 2 091	-1 500	-320	-320	-320	
Avsett			0	0	0	0	2 828
Bunde inv.fond:	4 261						4 261
Total	54 772						58 048

3.5 Bruk av næringsfond

	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Regionråd	510 000	510 000	510 000	510 000
Tiltaksarbeid	621 200	621 200	621 200	621 200
Reiseliv og turistverksemd	650 000	650 000	650 000	650 000
Servicenæring	50 000	50 000	50 000	50 000
Lom veksthus	100 000	100 000	100 000	100 000
Planlegging	120 000	120 000	120 000	120 000
<u>Landbruk</u>	<u>692 000</u>	<u>692 000</u>	<u>692 000</u>	<u>692 000</u>
Bruk av næringsfond	2 743 200	2 743 200	2 743 200	2 743 200

4 Formannskapet - første behandling

4.1 Behandling i Formannskapet 30.11.2010

Forslag frå Bygdalista ved Magny Hilde:

Som framlegget frå budsjettutvalet med slikt tillegg:

Det blir løyvt kr 100 000 ekstra til Loar skule med. Løyvinga blir finansiert frå disposisjonsfondet.

4.2 Forslag frå Formannskapet 30.11.2010

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke slik det går fram av innstillinga frå Budsjettutvalet.

5 Formannskapet - andre behandling

5.1 Forslag frå Formannskapet 16.12.2010

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke slik det går fram av innstillinga frå Budsjettutvalet.

6 Kommunestyret sitt vedtak

6.1 Behandling i Kommunestyret 16.12.2010

Forslag frå Bygdalista ved Magny Hilde:

Som forslaget frå formannskapet med slik endring:

Bygdalista ønsker å auke rama til Loar skule med kr 100 000. Finansiering av tiltaket skal gjerast frå disposisjonsfondet.

Forslag frå Sentrpartiet ved Simen Bjørgen:

Som innstillinga frå formannskapet med desse tillegga for budsjett 2011:

- auke i ramma til idretten i Lom med kr 105 000
- auke i ramma til Lom friviljugsentral med kr 20 000

Tiltaka blir finansierte frå disposisjonsfondet.

6.2 Vedtak i Kommunestyret 16.12.2010

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke som forslaget frå formannskapet med slike tillegg:

- auke i ramma til idretten i Lom med kr 105 000
- auke i ramma til Lom friviljugsentral med kr 20 000

Tillegga blir finansierte frå disposisjonsfondet.

7 Overordna styringssignal og utvikling

7.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet

Her er nokre utdrag frå tekster frå regjeringa i samband med statsbudsjettet for 2011

Vi øker bevilgningene til omsorg og velferd i kommunene med 5,7 milliarder kroner. Veksten er regnet i forhold til inntektsanslaget for 2010 i Revidert nasjonalbudsjett 2010. Regjeringen styrker det kommunale selvstyret og legger til rette for mer effektiv bruk av ressursene i kommunene ved at det samlet foreslås å overføre vel 29 milliarder kroner fra øremerkede ordninger til kommunenes rammetilskudd.

Regjeringen legger opp til fortsatt vekst i kommunesektorens inntekter i 2011. Det vil legge til rette for videreføring av det høye aktivitetsnivået i kommunesektoren. Regjeringen legger opp til en reell vekst i kommunesektorens samlede inntekter i 2011 på 5,7 mrd. kroner, tilsvarende 1,7 pst. Av veksten er 2,75 mrd. kroner frie inntekter. Det tilsvarer en realvekst i frie inntekter på 1,0 pst.

Øremerkede tilskudd til barnehager på om lag 28 mrd. kroner innlemmes i kommunenes frie inntekter fra 2011. I tillegg innlemmes tilskudd til kvalifiseringsprogrammet og tilskudd til krisesentre i de frie inntektene i 2011. Økt andel frie inntekter gir større rom for lokale prioriteringer for kommunene. De frie inntektene og momskompensasjon til kommunene anslås å utgjøre om lag 80 pst. av samlede inntekter i 2011.

Kommunesektorens samlede inntekter anslås til om lag 348 mrd. kroner i 2011. Av dette utgjør frie inntekter om lag 265 mrd. kroner. Fri inntekter består av kommunesektorens egne skatteinntekter på om lag 138 mrd. kroner og rammetilskudd på om lag 127 mrd. kroner. I tillegg har kommunene gebyrinntekter (egenbetaling) fra tjenester som kommunene leverer til innbyggerne, bl.a. barnehager, pleie- og omsorgstjenester og tekniske tjenester.



Finansminister
Sigmund Johnsen la fram
forslag til statsbudsjettet 5.
oktober 2010

Foto: Finansdepartementet

7.2 KS si uttale til statsbudsjettet

Med overskrifta "Bremsene på i kommunene", sendte KS, Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon, ut si pressemelding om statsbudsjettet

"Det meste av inntektsökningen vil gå til flere pleietrengende og økte pensjonskostnader. Forslaget til statsbudsjett vil føre til at mange kommuner må foreta tøffe prioriteringer neste år.

Et stramt budsjett

- Dette er et stramt budsjett for kommunene. Det blir noe mer penger, men også flere som trenger tjenester. Konsekvensen er at kommunene nå etter mange år med høy aktivitet og store investeringer må sette på bremsene og prioritere hardt neste år, sier nestleder i KS, Bjørg Tysdal Moe.

- En økning av de frie inntektene med 2,75 milliarder kroner gir fortsatt rom for gode tjenester i kommunene, men ikke nye satsninger. Det blir nødvendig å snu på hver krone og fortsette arbeidet med effektivisering. Noen må også kutte i tjenestene, sier Moe.

Øremerking til barnevern

Regjeringen øremerker 240 millioner kroner til det kommunale barnevernet. Kommunene må søke fylkesmannen for å få utbetalte midlene, som hovedsakelig skal gå til flere stillinger.

- KS ønsker en satsing på barnevern velkommen, men hadde ønsket en ordning som ga kommunene større muligheter til å målrette tiltak mot barna, og som var mindre byråkratisk enn det regjeringen nå legger opp til, sier Bjørg Tysdal Moe.




Veivedlikehold


Fylker og kommuner har ansvaret for vedlikeholdet av 90 prosent av norske veier. Fylkeskommunene har overtatt 17000 kilometer vei med til dels svært dårlig standard og blir ikke kompensert for kraftige kostnadsökninger til vedlikehold."

7.3 Utvikling i folketalet

Folketalet i Lom kommune ved utgangen av året fra 2001 til 2009, og ved utgangen av tredje kvartal 2010.
(Kjelde: SSB)



Framskriving av folketalet i Lom fram til 2030 fordelt på aldersgrupper og totalt. Framskrivninga baserer seg på SSB sitt MMMM-alternativ, som tyder middels utvikling på alle områda, levealder, flytting og innvandring.
(Kjelde: SSB)



8 Overordna mål og strategiar

8.1 Balansert målstyring (BMS)

Resultatleiing er ein leiarfilosofi
som er basert på at politikarar, administrasjonssjef, leiarar og tilsette har dei same klart definerte måla og resultatkrava. Det skal vera stor fridom i korleis ein skal nå måla.

Kva meir er Balansert målstyring?

- Ein set fleire område i sentrum, ikkje berre økonomi.
- Lom har sett brukar, medarbeidar, økonomi, samhandling mellom politikk og administrasjon og læring og fornying i sentrum.
- Som hjelpemiddel er det laga målekart som fortel kva ein set fokus på innan kvart område.
- Kommunemålekartet er det overordna

målekartet, og seier kva som skal målast totalt og for kvart tenesteområde.

- Målekarta skal vera forankra og aksepterte i heile organisasjonen.
- KS sine brukar- og medarbeidarundersøkingar skal brukast som hjelpemiddel i resultatmålingane.
- BMS vil gje grunnlag for dialog mellom politikarar og administrasjonssjef, mellom administrasjonssjef og leiargruppe og mellom dei einskilde leiarane og deira tilsette. Dette vil gje grunnlag for ein brei medverknad frå heile organisasjonen i arbeidet mot felles mål.
- Ein flatare organisasjonsmodell med stor bruk av delegering gjer det naudsynt med eit anna styringssystem.

8.2 Kommunemålekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Måle-metode	Resultat 2009	Mål 2010	Mål 2011
Økonomi	Økonomi-styring og drift	Brutto driftsresultat	Økonomi-system	-3,2%	-3%	1,4%
		Netto driftsresultat	Økonomi-system	4,2%	3%	3,6%
	Finansiell styring	Eigenkapitalprosent	Økonomi-system	36,4%	38%	38%
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eiegenkapital)	Økonomi-system	1,8	1,7	1,7
	Likviditetsstyring	Kredittid fordringar	Økonomi-system	27 dagar	32 dagar	32 dagar
		Likviditetsgrad 1	Økonomi-system	3,4	3,4	3,4
		Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter	Økonomi-system	38,6%	45%	40%
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med nærmeste leiar?	Medarbeidarundersøking	4,7	4,8	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	Medarbeidarundersøking	4,0	4,3	4,3
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	Medarbeidarundersøking	4,9	4,8	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	Medarbeidarundersøking	5,2	5,1	5,1
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	Statistikk	1,8%	3,2%	3,0%
		Sjukefråvær langtid	Statistikk	5,6%	4,0%	4,2%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	Medarbeidarundersøking	72%	76%	83%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	Medarbeidarundersøking	4,5	4,5	4,6
		I kva grad legg arbeidsgjavar til rette for kompetanseutvikling?	Medarbeidarundersøking	4,1	4,3	4,3

Karakterskala i medarbeidarundersøkingane går frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

9 Handlefridom i økonomien - prioriteringar

9.1 Generelle økonomiske utfordringar

9.1.1 Endringar i tilskot frå Staten 2008 - 2009

	Budsjett 2010	Justert budsjett 2010	Budsjett 2011	Endring just budsjett og 2011
Skatt på inntekt og formue	40 172 000	40 172 000	41 923 000	1 751 000
Statleg rammeoverføring	45 017 000	45 017 000	63 816 000	18 799 000
Inntektsutjamningstilskot	13 705 000	13 705 000	8 764 000	-4 941 000
Skjønnstilskot	400 000	400 000	600 000	200 000
Sum oversføring frå staten	99 294 000	99 294 000	115 103 000	15 809 000

Tidlegare øyremerka tilskot til barnehage, krisesenter og kvalifiseringsprogrammet er nå innlemma i rammeoverføringane.

9.1.2 Rammeoverføringer

Det er gjort endringar i kommunane sitt inntektssystem frå 2011. (Systemet som reknar kor mykje den enkelte kommune skal få overført i rammer frå staten).

Inntektssystemet består av fleire element, bl.a. av kostnadsnøklar. Kostnadsnøklane er endra med verknad for budsjettåret 2011.

Kompensasjon for ulike utgifter for kommunale tenester gjeld utgifter som kommunane sjølve ikkje kan påverke. Dette gjeld bl.a. alderssamsetnaden i kommunen. Kostnadsnøklane er delt opp i delkostnadsnøklar for dei forskjellige tenesteområda:

- Grunnskule
- Pleie- og omsorg
- Helsestjenester
- Barnevern
- Sosialhjelp
- Administrasjon, landbruk og miljø
- Barnehage

Lom kommune kom positivt ut etter omlegginga. Veksten i prosent for Lom sin del i forhold til rekneskap 2010 er på 5,9 %, medan Skjåk fekk ein vekst på 2,8 % og Vågå på 1,5 %. I dei nye kostnadsnøklane er det lagt meir vekt på dei ulempar som

små kommunar har, kostnader knytt til spreidd busetnad og sosiale høve. Alderssamsetnaden i kommunen er like vel det elementet som forklarer mest i fastsetting av utgiftsbehovet, og dermed kor mykje den enkelte kommune skal få i overføringer.

Småkommunestilskotet er, i motsetning til det over, redusert.

Det blir meir overføring frå skattesterke kommunar til meir skattesvake kommunar enn tidlegare. Skattedelen av kommunane sine samla inntekter er redusert frå 45 % til 40 %.

Desse inntektene som tidlegare har vore øyremerka er nå innlemma i rammetilskotet:

- Kvalifiseringsprogrammet
- Barnehageinntektene
- Tilskot til krisesenter

Demografiutfordringar:

Kommunane i Oppland vil få litra vekst eller nedgang i folketalet. Dette vil føre til lågare utgiftsvekst til kommunale tenester. Ein vil få færre barn i barnehage og skule, samtidig som talet på innbyggjarar over 67 år aukar. Dette vil få personellmessige konsekvensar ved at behovet for personell innan barnehage og skule vil gå ned, medan behovet for tilsette innan omsorg vil auke.

9.1.3 Øyremerka tilskot

Tilskot til ressurskrevjande tenester blir dekt ved utgifter over kr 895 000 pr person, der ein får dekt 80 % av det overskytande.

Det er lagt inn øyremerka middel til barnevernet for 2011. Dette er middel som blir fordelt frå fylkesmannen etter søknad frå den enkelte kommune. Nye stillingar har prioritet. Andre tiltak kan og få middel.

Opptrappingsplan for rusfeltet. Dette er framleis øyremerka middel.

Det er rentekompensasjonsordning for skolebygg, symjeanlegg og kyrkjebrygg.

Tilskot til heildøgns omsorgplassar med 35 % pr bustadeining.

9.1.4 Kommunale gebyr/inntekter

Gebyrregulativ for vatn og avløp samt gebyr for slamtøming for 2011 blir gjort med framlegg om 100 % dekningsgrad og i medhald av sjølvkostrekneskap for desse tenesteområda.

Ny forskrift (gjeldande frå 01.01.2003) for vass – og avløpsgebyr med to – delt modell (abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr) har medført noko usikkert grunnlag for å rekne inntektene dei fyste åra. Reduksjon på

VA-gebyr frå 2010 til 2011 har bakgrunn i redusert rente frå 5,53% til 3,71% som medfører mindre kapitalkostnad. Det er teke gjennomgang av talet på abonnentar og talet på kategoriar. Dette medfører fleire einingar og dermed reduksjon i årsgebyra. Overskot på sjølvkostfond for 2009 medfører reduksjon i gesbyrgrunnlaget.

Det blir elles vist til kapittel 2.3.2 på side 4 om andre inntektsposter som kommunen vedtek.

9.1.5 Kraftinntekter

Det er kr 10 569 000 i netto inntekter frå sal av kraft i 2011. Dette er etter inngått avtale. For dei andre åra i økonomiplanperioden kr 8 470 000 i 2012, kr 8 770 000 i 2013 og kr 9 370 000 i 2014. Tala frå 2012 – 2014 er rekna etter prognose.

For 2011 er det forslag om at kr 4 000 000 blir

avsett til kraftfond/disposisjonsfond. Summen som går til finansiering av drift, blir kr 6 570 000. Summen som går til drift det enkelte året, vil med dette ligge på same nivå, og ein slepp uheldige tiltak i budsjettsamanheng ved at ein må variere driftsnivået etter storleiken på kraftinntektene.

9.1.6 Eigedomsskatt

Lom kommune har eigedomsskatt på eigedomar på Fossbergom og i tillegg på ”Verker og bruk”.

Grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt på kraftanlegg, som kjem inn under gruppa ”Verker og bruk”, er fastsett av Skatteetaten.

I 2010 er det gjennomført taksering av teleanlegg i kommunen. Eksternt firma er innleidt til å gjera dette oppdraget. Takseringa er gjennomført, men endeleg takst er ikkje vedteke i Takstutvalet. Grunnlaget for eigedomsskatt på teleanlegg er rekna til kr

20 679 000.

Dette vil gje oss ei ekstra inntekt på kr 145 000 kvart år framover.

Det er gjort endringar i reglane for eigedomsskatt, slik at kommunen nå kan skrive ut eigedomsskatt på alle næringsbygg i kommunen.

